

## Samarbeid- og profileringsavtale KnarvikMila og Alver kommune

### Uttale frå Alver idrettsråd

Knarvik 12.april 2021

Det vert synt til saksframlegg dagsett 08.04.2021.

Det går fram av saka at dette er ei formalisering og samordning av tidlegare avtalar mellom KnarvikMila og Lindås kommune. Alver idrettsråd er samd i at slike avtalar vert formalisert slik at dei er føreseielege for begge partar.

Det er tvillaust at KnarvikMila profilerer Alver kommune på ein god måte. Dette har stor verdi både idrettsleg og kulturelt og idrettsrådet har ikkje merknader til at samarbeidet vert formalisert. Idrettsrådet vil her peika på at overføringar til KnarvikMila ikkje må gå ut over dei midlar som årleg skal gå til idretten

Alver idrettsråd finn det i denne samanheng rett å peika på at tidlegare avtalar om drift- og vedlikehald av idrettsanlegg må komma på plass snarast råd er. Det syner seg at desse vil vera avgjerande for at anlegga skal kunna ha ein tilfredsstillande standard for utøving av idrettslege aktivitetar. Idrettslaga i kommunen har, gjennom alle sine frivillige aktivitetar, mykje å seia for svært mange i heile kommunen både idrettsleg og sosialt.

#### Konklusjon:

1. Alver idrettsråd råd til at Samarbeid- og profileringsavtale mellom KnarvikMila og Alver kommune vert godkjent
2. Alver idrettsråd ber om at drifts- og vedlikehaldsavtalar for aktuelle idrettsanlegg mellom Alver kommune og aktuelle idrettslag må utarbeidast og leggjast fram snarast.

For Alver idrettsråd

Olav Steinar Namtvedt (s)

leiar

Bjørn Tore Hesjedal(s)

nestleiar